

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:**  
**Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

**Dokumentoversyn:**

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

**Vestlandsforsøket**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Leiaren av Vestlandsrådet tek eit initiativ overfor samferdsledepartementet for å få endra praksis ved tildeling av midlar slik at Vestlandsforsøket får den reelle styringa som var tiltenkt.

**Prenta vedlegg:**

**Uprenta vedlegg:**

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

Stortinget har gjeve Vestlandsrådet gjennom Vestlandsforsøket følgjande oppgåver:

- Prioritering av midlar til investeringar på øvrig riksvegnett
- Styring av statlege planressursar.

Det betyr at Vestlandsrådet (utan Møre og Romsdal) har fått ansvaret for å prioritere fylkesfordelte midlar til investeringar innanfor post 30 Riksveginvesteringar (med nokre unntak) og post 31 Rassikring i forsøksperioden. Vestlandsrådet har også fått ansvar for å prioritere midlar til planlegging av tiltak på øvrige riksvegar. Midlane frå post 30 som inngår i Vestlandsforsøket er overført til ein eigen budsjettpost, post 60.

Vestlandsrådet søkte om å få følgjande oppgåver frå Statens vegvesen:

- Planansvar
- Prioriteringar på øvrige riksvegar
- Ansvar for ferjedrift

I tillegg vart desse oppgåver vurdert overflytta frå fylkeskommunane:

- Nasjonal transportpolitikk (Uttale NTP)
- Kollektivtilbodet på Vestlandet
- Felles billetteringssystem
- Internasjonalt prosjektarbeid

Som vi ser er rammene for forsøket mindre enn det fylka søkte om å få.

NIBR skal gjennomføre ei evaluering av forsøksordningane på oppdrag frå KRD nå i haust.

### **Korleis fungerer forsøket?**

For å førebu saker til Vestlandsrådet er det oppretta ei administrativ koordineringsgruppe (AK). Denne er leia av regionvegsjefen, og samferdselskjefane er deltakarar i gruppa. Statens vegvesen har også sekretæransvaret. Etter eitt og eit halvt år med noko prøving og feiling er gruppa komne fram til konkrete føringar for arbeidet.

Vestlandsrådet handsama handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2006 – 2015 i sak 05/0017 i møte 4.mars og sak 05 /00028 i møte 22.april i år. Her stilte Vestlandsrådet seg bak prioriteringane i dei einskilde fylka i tillegg til å vedta samla plan for rassikring i dei tre fylka. Dette skal ligge til grunn for budsjetta dei fire første åra. Vestlandsrådet skal i prinsippet få tildelt midlane på post 60 og fordele dei sjølv, men i praksis vil dei truleg kome fordelte til dei einskilde prosjekta som er prioriterte det aktuelle budsjettåret.

Ved fleire hove ser vi at dette ikkje vert følgt opp frå sentralt hald ved at midlar kjem øyremerka til spesielle tiltak, tiltak som ikkje er høgast prioriterte av Vestlandsrådet. Som eksempel gjev Samferdselsdepartementet seinast i pressemelding nr 102/05 datert 29.08.05 melding om at vestlandsfylka får midlar til konkrete prosjekt. Dette er:

Rv13 Suldalsvegen i Rogaland: 5 mill.kr

Rv550 Solesnes i Hordaland: 6 mill.kr

E16 Sivle- /Stalheimstunnelane i Hordaland: 4 mill.kr

Rv609 Størdalsura: 2 mill.kr

Rv15 Kjøsnes – Lunde i Sogn og Fjordane: 2 mill.kr

E39 Bakkefonna, Våtedalen i Sogn og Fjordane: 4 mill.kr

Prosjekta i Hordaland er prioriterte i Handlingsprogrammet i 2006. Når det gjeld prosjektet på rv15, Kjøsnesfjorden, så er dette opprydding etter rasa som gjekk sist vinter. Det er fleire prosjekt i Sogn og Fjordane og Rogaland som har høgare prioritet i rassikringsplanen eller i handlingsprogrammet enn dei som det nå er gjeve midlar til.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar /konklusjon**

Vestlandsforsøket fekk ikkje det handlingsrommet ein hadde sett føre seg. Det er likevel viktig at vi utnyttar dei verkemidla vi har i forsøket. Forsøket bør bidra til at vi generelt får eit betre samarbeid med Statens vegvesen gjennom gode prosessar som sikrar politisk styring. Dette kan igjen ha innverknad på det andre arbeidet Vestlandsrådet driv med innanfor samferdsel. Slike argument bør vi også nytte når forsøksordninga skal evaluerast.

Skal Vestlandsforsøket vere eit reelt forsøk er det viktig at dei spelereglane som er sett opp blir følgde. Vestlandsrådet bør difor be Samferdselsdepartementet endre praksisen med å detaljstyre midlar som ligg til forsøket.